

# Årsrapport 2024

## Norsk ICOM

I 2024 har verksemda gått som normalt. Styret starta eit arbeid i 2023 med å auka fokuset på synleggjering av ICOM i ulike samanhengar. I 2024 deltok ICOM Norge på Arendalsuka og var mellom anna med i debatt om «Hva kan museene mene?». Det vil vera eit viktig arbeid framover å delta på ulike arrangement, som t.d. Arendalsuka, der vi vil synleggjera Norsk ICOM sitt arbeid gjennom ulike event saman med Norges Museumsforbund. Det vil truleg føre til meir merksemd frå museumsfolk og politikarar på etiske spørsmål knytt til museumsfeltet.

### Overordna arbeidsmål og tiltak 2025

#### **1. Styrka internasjonal deltaking gjennom å stimulera dei norske musea og tilsette til aktivt å delta i internasjonale aktivitetar og komitéarbeid.**

*Tiltak: Tilby reisestøtte for deltaking i internasjonale møte*

*Delta på årleg møte i ICOM NORD*

*Delta på internasjonale møte i ICOM*

#### **2. ICOM Norge søker om å vera vert for ICOM sin Generalforsamling i 2028 i Oslo. I samband med søknadsprosedyrer var det auka aktivitet i styret i 2024 og i 2025.**

*Tiltak: Om vi går vidare i søknadsrunden, fortset vi arbeidet med forankring og søknader*

#### **3. Vidareutvikle arbeidet med museumsetikk. Det er søkt KD om ekstra midlar til implementeringa for 2025, som vil gjera det mogleg å ha opplegg for fleire museum.**

*Tiltak: Fortsetje implementering av det konkretiserte etiske regelverket for musea i Noreg (workshop)*

#### **4. Vidareføre arbeidet med Blue Shield og arbeidet mot ulovleg handel med kulturarv.**

*Tiltak: Delta i arbeidet i styret for den norske Blue Shield komiteen*

#### **5. Gjera ICOM Norge og ICOM sine etiske retningslinjer meir synlege og tilgjengelege for musea.**

*Tiltak: Produksjon av kortfilmar knytt opp mot tema i etiske dilemma.*

#### **6. Medverke til ein generell kompetanse- og kvalitetsutvikling for både enkeltpersonar og institusjonar ved musea.**

*Tiltak: Utvikle kommunikasjon med medlemmene med fokus på digitale løysingar.*

*Publisere reiserapportar på heimesida*

*Promotere den internasjonale museumsdagen*

*Formidle informasjon om webinar/seminar/konferansar på nett for medlemmene*

## FAGLEGE REISER

Det var 12 medlemmer som fekk reisestøtte i 2024. Nokon av reisemåla var Mexico City, Amsterdam, Nantes, Taipei (Taiwan), Los Angeles og Salem Massachusetts. Reiserapportane med både tekster og bilete er tilgjengelege og lagt ut på Norsk ICOM sin heimeside.

## **ICOM NORD**

Norsk ICOM er representert i ICOM Nord ved Lasse Tjønnøy. Rollen i styret er som «Treasurer». Håkon Roland, som tidlegare satt i styret i Norsk ICOM, er vara.

I perioder har det vært styremøter månedlig digitalt. Det ble gjennomført årsmøte (Annual-Meeting) digitalt i slutten av november. Vi hadde ein konferanse i mai på Amox Rex og Helsinki City Museum i Helsinki. Dette var for styremedlemmer i ICOM Nord og Nordic National Committees. Til saman ca 30 personar. Musea si rolle i krisehandtering var eit av fleire tema, med ein titt på Blue Shield-aktivitetar i kvart land. Det andre temaet var museumssamlingar si rolle og internasjonalt samarbeid for å støtte motstandskraft. Eit viktig tema var også den mogelege inkluderinga av det baltiske NCs medlemskap i ICOM Nord. Styreleiaren for ICOM Estonia var til stades på møta. På vårt Helsingfors-møte i mai 2024 diskuterte vi også dei nordiske landa si rolle i det globale museumsnettverket og våre verdjar.

ICOM Nord deltok i presidenten sine halvårlege møte med alle RA (Regional Alliance).

ICOM Nord har vore aktive i diskusjon om avkolonisering i mange år, då vi har hatt svært betydelege tilbakeføringsprosjekt dei siste åra.

Generalkonferansen i Dubai 2025 har vore på agendaen i ulik grad gjennom året.

Med den regionale alliansen, ICOM Nord, kan vi løfte fram saker frå dei nasjonale komitéane slik at Norden står sterkare. Og spesielt vil ICOM Nord stå sterkare med de tre baltiske landa.

## **ETIKK**

Konkretiseringsprosjektet

Det etiske regelverket er omsett til engelsk og vart publisert våren 2024.

Det er planlagt eit pilotprosjekt ved musea for å implementere det etiske regelverket. Pilotprosjekt vart starta opp i 2024 i samarbeid med Norges Museumsforbund og workshop gjennomført på to museum. Det konkretiserte regelverket er også sendt inn til ICOM sentralt, som har starta ein revisjon av det gjeldande etiske regelverket til ICOM. Arbeidet Norsk ICOM har gjort med konkretiseringsprosjektet er lagt merke til internasjonalt og fleire land har sett i gong arbeid med det etiske regelverket med det norske arbeidet som førebilete. Styreleiar har m a halde foredrag (på nett) for ICOM Nederland og ICOM Finland om arbeidet med konkretiseringa.

## **SAMISK KULTURARV**

Norsk ICOM har etter innspel frå dei samiske musea bestemt å laga informasjonsfilm om det samiske samfunnet sin rett til eigen kulturarv, og gjennom det tilbakeføring av samiske gjenstandar og kva betydning slike prosessar har i det samiske samfunnet. Vi er i dialog med eit firma som kan laga slike filmar, og vil søkje om ekstra midlar for å få eit godt og informativt prosjekt. Planlegging i 2024 og gjennomføring i 2025.

## **DEN NORSKE BLUE SHIELD-KOMITEEN (BSN) - TRUET KULTURARV**

## **Implementering av Haag 54, 2. protokoll.**

BSN har deltatt på fleire av Riksantikvaren (RA) formelle og uformelle møte og seminar om implementering av H54, 2. protokoll. BSN deltok i programkomiteen og arrangementa av RA/Kdirs konferanse i Oslo 16.-17. oktober (Kulturarv som mål, middel og motstandskraft).

## **CHM og ulovlege kulturgjenstandar**

BSN har gjentatte ganger vore i kontakt med Kultur- og likestillingsdepartementet angående det pågåande arbeidet i Lovutvalget for ny Kulturmiljølov. Departementa (KLD/KUD) arbeider med ny ansvarsfordeling for kulturkriminalitetsområdet og import/eksportbestemmelsane. BSN avventar høyringsmoglegheit når lovutvalget sin innstilling ligg føre (i 2025). BSN har vore involvert i fleire tilbakeføringssaker vedrørende ulovlege/beslaglagte kulturgjenstandar i Norge. BS International har vore konsultert i samband med fleire avsakene.

## **Nasjonal beredskap**

BSM har hatt møte med NIKUs Kjersti Ellewssen og Nina Kjølsten Jernæs som har utarbeida «Veileder for sikring, beredskap og krisehåndtering for historiske bygninger og miljøer.»

FORK består av representanter fra Riksantikvaren, Riksarkivet, Kulturrådet, Kunst i offentlege rom, Finans Norge, Kirkens arbeidsgiverforening og Nordisk konservator forbund. BSN har vore i kontakt med FORK v/Hanne Moltubakk Kempton, no rådgjevar i Forsvarsbygg, om mogelege samarbeidsområde.

## **Internasjonal beredskap**

BSN deltok ved BSIs generalkonferanse 2024 og sporadisk på BSIs månedlege uformelle online-møtefor nasjonalkomiteane. BSN har følgd opp BSI sin informasjon om situasjonen og tiltak i Ukraina og i Gaza. Styremedlemmer i BSN har vore med sentralt i internasjonale prosjekter og arbeidsgrupper, med spesielt fokus på Gaza og Ukraina i 2024.

## **Konferansar/workshops/seminar med deltakarar frå BSN sitt styre (eit utval)**

Riksantikvarieämbetet, Hoten mot kulturarv, seminar, Stockholm, 16.2.2024

LUXCORE Final Conference, Luxury, Corruption and Global Ethics. Challenging Anti-Policies and Audit Cultures, medarrangør og innlegg, KHM/OsloMet, 6.- 7.3.2024

CULTcrime Workshop 1, Sentralen, arrangør og innlegg 3.4.2024

SENKU-seminar, UiO, The Schøyen seizure of Iraqi artefacts, 25.4.2024

Baltic Region Heritage Committee, Illicit Trafficking in Cultural Goods, working group seminar, 26.4.2024

RITHMS Project (HEU), Trafficking in Cultural Property: A Criminological Perspective, webinar, 30.4.2024

ICOM NORD, Annual Conference, "Haag 1954 and national commitments to safeguarding cultural heritage in war and conflict", Helsinki, 6.-8.5.2024

### **Opplæring/undervisning:**

Blue Shield International, National Committees Training Modul 3 er i gang i regi av BSI (i Canvas).

MA-modul i kulturkriminalitet ved IAKH, UiO V2024.

### **Medieinnslag**

Fleire intervju i NRK, Klassekampen og Morgenbladet om situasjonen i Ukraina og Gaza, helerisaken mot Trond Mohn, beslag av gjenstandar stole frå Nasjonalmuseet i Kabul m.m.

### **SAMARBEID MED ANDRE INTERNASJONALE KOMITÉAR**

Norsk ICOM har eit tett og godt samarbeid med dei nordiske komitéane. Det er gjennomført fleire møte i 2024 (nett) og eit fysisk møte i Helsinki. Norsk ICOM er representert i den regionale alliansen ICOM Nord. Sjå eige punkt over.

### **DEN INTERNASJONALE MUSEUMSDAGEN**

Det er informert norske museum om den internasjonale museumsdagen.

### **ADMINISTRATIV VERKSEMD**

#### **Styret**

Etter årsmøtet 2024 vart det følgjande samansetjing av styret:

Leiar/styremedlem: Atle Ove Martinussen

Sekretær/styremedlem: Birgitta Fossum

Kasserar/styremedlem: Lasse Tjønnøy

Andre styremedlem: Charis Gullickson, Gazi Øzcan, Maja Leonardsen Musum og Audhild Gregoriusdotter Rotevatn

#### **Medlemskap**

Oversikt over medlemmer i Norsk ICOM:

Studenter: 28

Senior: 168

Personlig: 708

Institusjonsmedlemmer: 90

995 medlemmer totalt

#### **Kontakt med medlemene**

Norsk ICOM si nettside <https://facebook.com/norskicom/> har vore medlemmene sin viktigaste kanal for å få informasjon om komitéen si verksemd. Annan aktuell informasjon har i hovudsak vore delt på Facebooksida vår, som i 2024 hadde 1001 følgjarar. 73 nye

følgjarar i 2024. Årsmøtet i Norsk ICOM er også ein viktig møteplass for medlemene. Årsmøtet vart gjennomført under det nasjonale Museumsårsmøtet (NMF) i Bodø 2024.

### **Samarbeid med andre**

Norsk ICOM fekk i 2024, som tidlegare år, økonomisk støtte frå Norsk Kulturråd, og har hatt fagleg samarbeid med denne institusjonen. Gjennom samarbeid i Blue Shield-komitéen har Norsk ICOM kontakt og samarbeid med søsterorganisasjonane ICOMOS (kulturminne), IFLA (bibliotek) og ICA (arkiv). Norsk ICOM er med i alliansen ICOM Nord og samarbeider også med dei andre nordiske ICOM komitéane. Norsk ICOM kjøper kontortenester hos Norges Museumsforbund og samarbeider med denne organisasjonen i ulike samanhengar, m.a. om museumsårsmøtet og i etiske saker som vedkjem musea. Norsk ICOM fungerer også som rådgjevar i etiske spørsmål ved musea. Norsk ICOM har ved ei rekkje høve uttalt seg i etiske spørsmål knytt til museumssektoren i m.a. Klassekampen, tidsskriftet MUSEUM og andre fora. Kontakt og samarbeid med ICOM sitt hovudsekretariat i Paris er ein viktig del av arbeidet i Norsk ICOM, og vert ivaretatt dels av styreleiar/styret og dels av sekretæren i Norges Museumsforbund. Vi har inntrykk av at aktivitetsnivået og fagleg arbeid i Norsk ICOM, både nasjonalt og internasjonalt, blir lagt merke til og verdsett av leiing og sekretariat i ICOM Paris. Det konkretiserte etiske regelverket er omsett til engelsk og vart tilgjengeleg for heile ICOM i løpet av våren 2024. Dei fortløpande sakene gjeld mellom anna godkjenning av nye medlemmer, utskrivning av medlemskort, erstatning av tapte kort og sjølvsgatt innbetaling av kontingenten frå medlemmene, der storparten går til ICOM sentralt i Paris. I tillegg er Norsk ICOM rådgjevar i høve musea i etiske dilemma og meir generelle spørsmål om etikk.

Februar 2025

Atle Ove Martinussen Styreleiar